

Referat språkpolitisk utval ved Universitetet i Bergen

Dato: 01.06.2023, kl. 10 - 12

Stad: Muséplass 1, møterom 2

Til stades: Endre Brunstad, Rune Johan Krumsvik, Ingrid Marie Myklebust, Ingrid W. Solhøy, Hans-Petter Isaksen, Ingeborg Revheim (referent)

Fråvær: Anna Svingen-Austestad, Torbjørn Svendsen

Sak 14/23: Godkjenning av referat frå møte 13.04.23 og saksliste

Ingen merknader til referatet. Tre ekstra saker til orientering.

Sak 15/23: Orienteringssaker

- Utvalet avventer ny utnemning frå rektor etter at Ann Kristin Gujord har bedt om fritak fra utvalget.
- Nynorskfylket Vestland har eit digitalt møte juni og eit fysisk møte i Førde i september. Ingrid Marie deltek på møtet i juni, Endre er vara.
- Spørsmål om læringsressursar på nynorsk
- Tilbakemelding frå Språkrådet, årsrapport 2022.
 - o Stort sett ok jf. Språklova, men oppnår ikkje eigne UiB-mål (40-60%)
 - o Språkrådet tek stikkprøver, inkludert av wordpressider (UiB har meir enn 1000), denne gongen iEarth, får kritikk for lav nynorskprosent
 - o Forsida på uib.no skal alltid ha fordeling bokmål/nynorsk på forsida (KA sitt ansvar)
 - o Utfordrande med 900-1000 aktive innhaldsprodusentar på uib.no, desentralisert forvaltningsmodell i dag vil truleg bli vidareført i W4 (ny teknisk plattform)
 - o Innspel: ta inn språk i webopplæring, språk er et leiaransvar
- [Høyringsvar frå UiB](#), innspel til handlingsplan for fagspråk i academia
Alle innspel tatt inn med unntak av rapporteringskrav norsk/engelsk.
15. juni kjem regjeringas handlingsplanen med tiltak.

Diskusjonssaker

Sak 16/23: Språkpolitikk som del av personalpolitikken

Utvalet sine innspel om at språkpolitikk må sjåast som del av personalpolitikken vart teken med i UiB sitt høyringsvar om handlingsplan for fagspråk i academia. Innspelet om rapportering vart ikkje inkludert. Diskusjon om brev til HR-avdelinga om medarbeidarsamtalar, innspel til budsjettprosess, mentorordning og kva for rapporteringskrav utvalet kan foreslå.

Vedtak: Leiar i utvalet tek kontakt med HR-avdelinga om å få inn norskopplæring og norskkompetanse for internasjonalt tilsette som emne for medarbeidarsamtalar, og om rapportering av språkopplæring.

Sak 17/23: Framlegg om målform på nettsider, frå programstyret for nordisk

Framlegget frå Programstyret i nordisk om å ha informasjon på uib.no om faget på nynorsk, bokmål og engelsk vart ikkje støtta. Utvalet sitt mandat er arbeide for å oppfylle de språkpoltiske retningslinjene, og ønsker difor ikkje å støtte eit forslag som går mot intensjonen til retningslinjene.

Vedtak: leiar av utvalet skriv eit svar til Programstyret i nordisk og viser til kvifor utvalet ikkje støttar framlegget.

Sak 18/23: Tjenester for korrekturlesing, norsk som andrespråk

Forespurnad frå UB, Seksjon for utd.- og forskningsstøtte v/Jenny Ostrup, var diskutert. Utvalet vil takke for innspelet og vurdere å ta det med i dialog med HR-avdelinga.

Vedtakssaker

Sak 19/23: Rekonstituering av utvalet

Utsett, utvalet avventer ny utnemning frå rektor.

Sak 20/23: Møteplan

Møteplan for hausten 2023:

1. møte september: onsdag 12. kl 10-12. Nygårdsgaten 5
2. møte november onsdag 22. nov kl 10-12

Framlegg til vedtak: Møteplan blir vedteken.

Sak 21/23: Eventuelt